

Arkivsak
25/00166-2
Saksbehandler
Marianne Lundeborg



Saksgang
Tokke kontrollutval

Møtedato
13.03.2025

Orientering om samfunnstryggleik, beredskap og krisehandtering

Innstilling fra sekretariatet

Forslag 1: Saka vert teken til vitande.

Forslag 2: Kontrollutvalet ynskjer ei attendemelding når avvika er lukka, hausten 2025.

Bakgrunn

Innspel til kontrollarbeid 05.12.2024 Tokke kontrollutval har behandlet saken i møte 05.12.2024 sak 32/24 Møtebehandling Kontrollutvalet diskutera beredskap og samfunnssikkerheit. Ein gjennomgang av beredskapsplan.

Vedtak Kontrollutvalet ber om ei orientering om beredskap og samfunnsikkerheit i Tokke kommune, i neste møte.

Saksopplysninger

Kontrollutvalet ga innspel i møte 14.03.2024 sak 5/24 til utarbeidelsen av risiko- og sårbarhetsanalysen (ROV) som var grunnlag for plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2025-2028, at dei ville ha med beredskap i vurderinga.

I ROVen står følgjande:

«5.4. Beredskap

Plan- og bygningslova stiller krav til samfunnstryggleik i kommunen si planlegging. Kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap har som føremål å redusere risiko for at kriser skjer, og sørge for at kriser som likevel skjer blir handtert best mogleg.

Sivilbeskyttelseslova pålegg kommunane beredskapsplikt, og dei skal planlegge beredskapen basert på ei heilskapleg risiko- og sårbarhetsanalyse (ROS-analyse).

Observasjonar

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark fører tilsyn med alle kommunane i løpet av valperioden. Det var tilsyn i Tokke i 2020, og neste tilsyn er planlagt i september 2024. I 2020 vart det gitt eit avvik og fleire merknader ved tilsynet. Avviket var at kommunen ikkje hadde utarbeidd heilskapleg ROS-analyse. Merknadene handla om ulike tiltak som vil vere nyttige i beredskapsarbeidet, men som kommunen ikkje hadde lagt til rette for. I kommunen si årsmelding for 2022 står det at kommunen gjorde overordna ROS-analyse i 2022.

Vurdering

I og med at det er planlagt nytt tilsyn dei næraste åra, meiner vi at det er liten risiko knytt til det generelle beredskapsarbeidet i Tokke. I samband med forvaltningsrevisjon av eit tenesteområde

kan det vere aktuelt også å sjå på beredskapen. Vi meiner at dette best kan vurderast i samband med bestilling av forvaltningsrevisjon.»

Frå Tokke kommune si nettside:

Tilsyn

Publisert 15. november 2024, Oppdatert 15. november 2024



Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark gjennomførte tilsyn på samfunnstryggleik og beredskap 25.09.24.

Under tilsynet vart det avdekt fem avvik:

1. Kommunen manglar plan for oppfylgjing av samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet.
2. Beredskapsplanen er mangelfull.
3. Beredskapsplanen er ikkje revidert/oppdatert.
4. Kommunen har ikkje øvd beredskapsplanen slik forskrifta krev, og det manglar eit system for opplæring.
5. Kommunen evaluerer ikkje etter øvingar eller hendingar.

Som positivt vart fylgjande trekt fram i rapporten:

Brei og god deltaking i utfyllinga av kartleggingsskjema (med unntak av sosialdelen)

Fint moment i beredskapsplanen med at lokal bensinstasjon blir brukt til å informere reisande ved hending i kommunen

Fint at scenario med straumbrot er analysert grundig

Kommunen har innanfor kommunalområdet helse og omsorg ein god struktur for krisehandtering med eigen beredskapsgruppe

Fin prosedyre for flaumsikringa på Buøy

Utfordringar som er trekt fram i rapporten:

Tynt med informasjon på kommunen si nettside. Ikkje informasjon om oppmøteplass ved utfall av EKOM (sjølv om dette er etablert). Mangelfull informasjon om jodtablettar.

Det finst ressursar som kommunen kan nytte under hendingar, men som ikkje inngår i planverket (til dømes mobile naudstraumsaggregat på Buøy).

Tokke kommune vil no arbeide med tiltak for å lukke avvika fram mot juni 2025.

Kommunens arbeid med beredskap

Kommunal beredskap er heimla i Sivilbeskyttelseslova og har følgjande føremålsparagraf, § 1.

Lovas føremål er å beskytte liv, helse, miljø, materielle verdiar og kritisk infrastruktur ved bruk av ikkje-militær makt når riket er i krig, når krig trugar, når rikets sjølvstende eller tryggleik er i fare, og ved uønska hendingar i fredstid.

Førebygging er vår viktigaste oppgåve når det gjeld hendingar som trugar sentrale samfunnsinstitusjonar, vår felles tryggleik eller den enkelte sin tryggleikskjensle. Kommunal beredskap handlar om å trygge innbyggjarane gjennom godt planverk og praktiske tiltak.

Beredskapsarbeidet bygger på fire grunnleggande prinsipp:

Ansvarsprinsippet

Den organisasjon som har ansvar for eit fagområde i ein normalsituasjon, har også ansvaret for nødvendige beredskapsførebuingar og for å handtere ekstraordinære hendingar på området.

Likskapsprinsippet

Den organisasjon ein opererer med under kriser, skal i utgangspunktet vere mest mogleg lik den organisasjon ein har til dagleg.

Nærleiksprinsippet

Kriser skal organisatorisk handterast på lågast mogleg nivå.

Samvirkeprinsippet

Myndigheiter, verksemder og einingar har eit sjølvstendig ansvar for å sikre eit best mogleg samvirke med relevante aktørar og verksemder i arbeidet med førebygging, beredskap og krisehandtering.

Kontrollutvalet ber om ei orientering om:

- statsforvaltaren sitt tilsyn som var i september 2024 arbeidet med lukking av avvik
- kommunen sin ROS – analyse. Gjennomgang av dokument.
- Kva som er gjort sidan 2020 med avvika, knytt til kommunen ikkje hadde utarbeidd heilskapleg ROS-analyse. Merknadene handla om ulike tiltak som vil vere nyttige i beredskapsarbeidet, men som kommunen ikkje hadde lagt til rette for.
- Den overordna ROS-analyse i 2022.

Rapporten er vedlagt saka i si heilheit.

«Foreløpig tilsynsrapport beredskap tilsynsdato25.09.2024 rapport 02.10.2024- Tokke»

Kommunedirektør Finn Arne Askje og Beredskapskoordinator Ann Wraa møter i saka.

Sekretariatets vurdering

Saka er lagt opp som ei orienteringssak, sekretariatet legg opp forslag deretter.

Da orienteringa vil bli gjeve i møtet, kan utvalet fremje anna forslag etter orienteringa om dei finn det naudsynt.

Utvalet kan vurdere om dei vil ha ei ny attendemelding i saka, etter at avvika er lukka i juni 2025.

Vedlegg:

- Foreløpig tilsynsrapport beredskap tilsynsdato25.09.2024 rapport 02.10.2024- Tokke